

KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/23/25

av 19. februar 2001

om fastsetjing av vilkåra for eit unntak for glasemballasje med omsyn til dei nivåa for konsentrasjon av tungmetall som er fastsette i direktiv 94/62/EF om emballasje og emballasjeavfall(*)

[meldt under nummeret K(2001) 398]

(2001/171/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 94/62/EF av 20. desember 1994 om emballasje og emballasjeavfall⁽¹⁾, særleg artikkel 11 nr. 3, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I artikkel 11 i direktiv 94/62/EF er det fastsett at konsentrasjonen av tungmetall i emballasje skal reduserast gradvis.
- 2) Røynslene frå dei første åra med gjennomføring av artikkel 11 har vist at det finst eit særskilt problem i glassektoren, ettersom attvunne glas er ureina av glasmateriale som inneheld store mengder bly.
- 3) Dersom konsentrasjonsnivået på 100 ppm, som tek til å gjelde 30. juni 2001, vert gjennomført fullt ut, kan det føre til mindre bruk av attvunne glas som følgje av kravet i artikkel 11. Av omsyn til miljøet er dette ikkje ønskjeleg.
- 4) Unntaket er meint for glasemballasje, på bakgrunn av eigenskapane til dette materialet med omsyn til utslepp av tungmetall og ut frå kor viktig det er å halde fram med å fremje attvinninga av glas.
- 5) Grensa på 100 ppm vil verte omfatta av unntaket.
- 6) Måleresultat frå produksjonsstader og opplysningar om kva målemetodar som er nytta, skal gjerast tilgjengelege for dei rette styresmaktene på deira oppmoding.
- 7) Unntaket sluttar å gjelde 30. juni 2006, med mindre denne fristen vert lengd i samsvar med framgangsmåten i artikkel 21 i direktiv 94/62/EF.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 21 i europaparlaments- og rådsdirektiv 94/62/EF —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Dette vedtaket skal nyttast på glasemballasje som er omfatta av direktiv 94/62/EF, og har som mål å fastsetje vilkåra for når dei konsentrasjonsnivåa som er fastsette i artikkel 11 i direktiv 94/62/EF, ikkje skal gjelde.

Artikkel 2

I dette vedtaket

- skal definisjonane i artikkel 3 i direktiv 94/62/EF nyttast,
- skal «tilsikta tilsetjing» tyde «medviten bruk i framstillinga av ein emballasje eller emballasjekomponent der det er ønskjeleg å nytte det aktuelle stoffet for å gje den ferdige emballasjen eller emballasjekomponenten ein viss eigenskap, utsjånad eller kvalitet». Bruk av attvunne materiale som råstoff i produksjonen av nye emballasjemateriale, der ei viss mengd av dei attvunne materiala kan innehalde metall som er omfatta av føresegnene om konsentrasjonsgrenser, skal ikkje reknast som tilsikta tilsetjing.

Artikkel 3

Glasemballasje kan etter 30. juni 2001 overskride den vektgrensa på 100 ppm som er fastsett i artikkel 11 i direktiv 94/62/EF, dersom han stettar alle vilkåra som er fastsette i artikkel 4 og 5 i dette vedtaket.

Artikkel 4

Tilsikta tilsetjing av bly, kadmium, kvikksølv eller seksverdig krom under produksjonsprosessen er ikkje tillate.

Konsentrasjonsgrensene kan berre overskridast dersom overskridinga skuldast at emballasjematerialet er vorte tilsett attvunne materiale.

Artikkel 5

Dersom resultatata av månadlege prøver som vert tekne i tolv etterfølgjande månader frå produksjonen ved kvar einskild glasomn, og som er representative for normal og regelbunden produksjonsverksemd, viser at dei gjennomsnittlege konsentrasjonsnivåa for tungmetall overskrid grensa på 200 ppm, skal produsenten eller representanten hans leggje fram ein rapport for dei rette styresmaktene i medlemsstatane. Denne rapporten skal minst innehalde følgjande opplysningar:

(*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 62 av 2.3.2001, s. 20, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 113/2001 av 28. september 2001 om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 60 av 6.12.2001, s. 23.

(¹) TEF L 365 av 31.12.1994, s. 10.

- måleverdiar,
- ei utgreiing om målemetodane som er nytta,
- kva kjelder som er mistenkte for å ha ført til konsentrasjonen av tungmetalla,
- ei detaljert utgreiing om dei tiltaka som er sette i verk for å redusere konsentrasjonsnivåa for tungmetall.

Dersom verken produsenten eller representanten hans er etablert i Den europeiske unionen, er det den personen som marknadsfører produktet i Fellesskapet, som pliktar å leggje fram ein rapport for dei rette styresmaktene.

Måleresultat frå produksjonsstader og opplysningar om kva målemetodar som er nytta, skal når som helst gjerast tilgjengelege for dei rette styresmaktene på deira oppmoding.

Artikkel 6

Dette vedtaket sluttar å gjelde 30. juni 2006, med mindre det særleg på grunnlag av rapportane som er nemnde i artikkel 5 i dette vedtaket og i artikkel 17 i direktiv 94/62/EF, vert lengt i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 21 i direktiv 94/62/EF.

Artikkel 7

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 19. februar 2001.

For Kommisjonen

Margot WALLSTRÖM

Medlem av Kommisjonen